



# Strategi

HELSE FONNA 2014-2018

# Strategi for Helse Fonna

Visjon, verdiar og mål i Helse 2020 er felles for alle føretaka i Helse Vest RHF og gjeld i heile planperioden. Dei peiker ut retninga for korleis Helse Fonna HF skal utvikle seg innan gitte rammer i nasjonale, regionale og lokale planverk, lovar, forskrifter og styringskrav. Strategien er ein revisjon av tidlegare strategi og skal vere eit verktøy i å sikre eit sterkt Helse Fonna. Den skal synleggjere kva måla i Helse 2020 betyr for Helse Fonna.

## Visjon

- Vi skal fremme helse og livskvalitet

## Verdiar

- Respekt i møte med pasienten
- Kvalitet i prosess og resultat
- Tryggleik for tilgjengelegheit og omsorg

## Mål

- Trygge og nære helsetenester
- Heilskapeleg behandling og effektiv ressursbruk
- Framtidsretta kompetanseorganisasjon

## Måla i Helse2020

### Trygge og nære helsetenester

- Våre pasientar skal bli møtte av kompetente team som har fokus på deira situasjon
- Våre pasientar skal ha tilgang til diagnostisering, behandling og omsorg av høg kvalitet
- Våre pasientar skal få god informasjon og opplæring, og vere aktive deltakarar i eiga behandling
- Våre pasientar skal oppleve ei samanhengane helseteneste på tvers av behandlingsnivå og avdelingar
- Våre pasientar skal erfare at vi styrkjer arbeidet med førebygging og rehabilitering

### Heilskapeleg behandling og effektiv ressursbruk

- Vi systematiserer behandlingsskjeda og utviklar betre prosessar
- Vi samlar sjeldne og komplekse tenester på færre stader
- Vi samordnar støttetjenester og effektiviserer arealbruk
- Vi er opne om våre prioriteringar og resultat

### Ein framtidsretta kompetanseorganisasjon

- Våre medarbeidarar og leiarar tek ansvar og skaper gode resultat
- Vi er ein attraktiv, lærande og utviklande arbeidsplass
- Vi tek i bruk nye metodar og teknologi basert på beste kunnskap
- Vi satsar på forskning, utdanning og fagutvikling for å sikre god pasientbehandling
- Vi styrkjer omdømmet vårt gjennom kloke val

# Kva betyr måla for Helse Fonna?

## Trygge og nære helsetenester

- Gje diagnostikk, behandling og omsorg med høg kvalitet og god sikkerheit
- Sikre trygg og riktig legemiddelbruk gjennom tverrfagleg samarbeid
- Samarbeide med kommunane om diagnostikk, behandling og kompetanseutvikling i tråd med samhandlingsreforma og om beredskap
- Auke ambulansetjenester
- Ha god meldekultur og openheit om feil
- Vidareutvikle ei trygg prehospitall teneste med spesialistkompetanse i samarbeid med førstelinjetenesta
- Involvere brukarar og pårørande
- Vere høfleg og profesjonell i møte med pasientar og pårørande
- Organisere for gode pasientforløp
- Styrke omdømmet

---

## Heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk

- Prioritere rett, i tråd med nasjonale føringar og faglege normer
- Samarbeide på tvers av sjukehus og med samarbeidspartnarar regionalt og nasjonalt
- Utnytte kapasiteten på tvers av sjukehus og einingar
- Auke poliklinikk og dagbehandling innan somatikk og psykisk helsevern
- Vurdere behovet for sjukehussenger i takt med utviklinga, nasjonale normer og samhandlingsreforma
- Sikre god diagnostikk, behandling og oppfølging av kreftpasientar
- Utvikle gode behandlinglinjer for hjerneslagpasientar
- Leggje til rette for gode forløp for intensivpasientar
- Utvikle og sikre det førebyggjande arbeidet innan psykisk helsevern
- Handtere auken i talet på eldre med samansette lidningar
- Sikre investeringsevne for bygg og utstyr
- Sikre at det er medisinsk teknisk utstyr og gode IKT-løysingar i heile Helse Fonna
- Arbeide for miljøvennlege sjukehus

---

## Framtidsretta kompetanseorganisasjon

- Rekruttere gode medarbeidarar og leiarar
- Utvikle og behalde medarbeidarar og leiarar
- Utdanne studentar og lærlingar
- Arbeide for berekraftige og robuste fagmiljø
- Utvikle ei sterk felles forskningseining i Helse Fonna
- Involvere medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta i prosess og avgjerd
- Arbeide for ein helsefremmande arbeidsplass og lågt sjukefråvær
- Ha kultur for betring og endring basert på kunnskap og god praksis

# Vi skal fremme helse og livskvalitet

## Kva er Helse Fonna?

Vi er ein del av Helse Vest, og gir spesialisthelsetenester til ei befolkning på over 170 000 fordelt på 19 kommunar.

Helse Fonna HF omfattar sjukehusa i Haugesund og Odda, på Valen og Stord, dei fire distriktpsykiatriske sentra Folgefonn, Haugaland, Karmøy og Stord, dei barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikkane Haugesund og Stord/Kvinnherad, og elleve ambulansestasjonar.